



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
23.11.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/270 721.0
Dykkar referanse

Kommunalsjefar, einingsleiarar og verksemdsleiarar
Leiarar innan psykisk helse og rusfeltet
Fagleiarar og koordinatorar for psykisk helse og rus

Endra frist for rapportering – tilskot 2015 til kommunalt rusarbeid og tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov

Fylkesmannen i Hordaland viser til tidlegare tildeling av tilskot til kommunalt rusarbeid kapittel 0765 post 62 og tilskot til tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov kapittel 765 post 60 i 2015.

Endra frist for rapportering om bruken av tildelt tilskot i 2015

Helsedirektoratet har endra rapporteringsfristen til 1. februar 2016. Vi ber difor om å få tilsendt rapport om måloppnåing og rekneskap per 31.12.2015 innan 1. februar 2016, sjå vedlagte skjema. Krav til rapportering går fram i brevet om tildeling av tilskot og tilskotsreglement som de fekk tilsendt i 2015. Tilskotsreglementa for tilskotsordningane frå 2015 er vedlagt.

Rekneskap per 31.12.2015 kontrollert og attestert av revisor kan de sende oss innan 31. mars 2016.

Dersom tilskot som vart utbetalt i 2015 ikkje er nytta, må de søkje om å få desse midlane overført til 2016. Overførte midlar vert trekte frå tildelinga for 2016.

Tilskot for 2016 blir ikkje utbetalt før vi har motteke og godkjent rapportering for bruk av tilskot 2015.

Søknad om tilskot for 2016 – søknadsfristen er 1. februar

Tilskotordningane kunngjort på Helsedirektoratet si nettside:

[Tilskot til kommunalt rusarbeid](#)

[Tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov](#)

Ver venleg å halde rapporteringsfristen slik at ikkje utbetaling av tilskot for 2016 vert unødige forseinka.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Mona Fauskanger
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Regelverk for tilskotsordning - Tilskot til kommunalt rusarbeid 2015
2. Regelverk for tilskotsordning - Tilskot til utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar på rusfeltet 2015
3. Rapporteringsskjema – tilskot til kommunalt rusarbeid
4. Rapporteringsskjema - tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov